



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Møre og Romsdal fylke
Fylkeshuset

6404 MOLDE

Dykkar ref

Vår ref
05/1873-62 JJO

Dato
20 OKT 2009

Svar på søknad om nytt forsøk med einskapsfylke

Departementet viser til brev dagsett 3. juni 2009 og brev dagsett 6. juli 2009 om søknad om nytt forsøk med einskapsfylke i Møre og Romsdal.

Søknaden er førelagt relevante fagdepartement og fylkesmannen i Møre og Romsdal. Korkje departementa eller fylkesmannen i Møre og Romsdal ser grunn til å støtte søknaden. Dette vert i all hovudsak grunngjeve i forsøkslova si grense for forsøksverksemd i meir enn seks år, og iverksettinga av forvaltningsreforma 1. januar 2010.

Kommunal- og regionaldepartementet kan ikkje sjå at det er tilstrekkeleg med nye element i søknaden til å vurdere søknaden som eit reelt sett nytt forsøk med einskapsfylke. Søknaden ber preg av å vere ei fortsetjing av det same forsøket, men med einskilde nye element. Dette synet vert støtta av fagdepartementa. Etter departementet si vurdering er det difor ikkje heimat i forsøkslova for å halde fram med forsøket med einskapsfylke utover seks år, dvs. ut året 2009.

I søknaden vert det òg framheva eit ønske om forsøk med oppgåvedifferensiering, særleg innafør områda landbruk, miljø og samferdsel. Ingen av fagdepartementa ønskjer forsøk på sine ansvarsområde, og syner til forvaltningsreforma som trer i kraft ved årsskiftet. Regjeringa og Stortinget har i arbeidet med forvaltningsreforma konkludert med kva for oppgåver og ansvar fylka skal ha frå 2010. Reforma tek til å gjelde frå 1. januar 2010, og det vil etter dei ulike fagdepartementa si vurdering ikkje vere teneleg å setje i verk slike forsøk no, før ein har fått sett på verknadene av reforma.

På bakgrunn av dette vert søknaden om nytt forsøk med einskapsfylke og forsøk med oppgåvedifferensiering avslått.

Med helsing

Anne Nafstad Lyftingsmo
Anne Nafstad Lyftingsmo e.f.
ekspedisjonssjef


Eli Johanne Lundemo
avdelingsdirektør